

# Årsmelding Saftkokkaradn 2022



## Sesongen:

OBOS-ligaen 2022. Det vart ein bra sesongstart med poeng og gode opplevingar borte mot Stabæk og Brann. Hausten vart dårleg, og i år vart det ikkje kvalifisering heller. Uvant. 7. plass på tabellen er me ikkje nøgde med. Laget spelte tidvis fin fotball og det var flott å sjå at mange talent fekk sjansen etter kvart, men måla rann dessverre for mykje inn baklengs.

Cup? Åja. Me gjekk jo vidare! Første obligatoriske kamp er 4. runde heime mot LSK. Dei tek me. So får me sjå.

I avstemminga om å bli om årets spelar på Facebook-sida vår stakk Renze Fij igjen av med klar siger. Gjennom sesongen har me kåra månadens Sogndalspelar.

For dei andre laga kan sesongen oppsummerast slik: 2. laget rykte opp til 3.divisjon og får ein vesentleg betre kampkvardag i 2023. Takk for det. Ungdomslaga NG16 og NG18 leverte gode resultat og prestasjonar mot landets beste lag. G16 vann til og med si gruppe.

Damene/Jentene leverte ein kjempeprestasjon. Den nyoppretta klubben enda på ein sterk andreplass på tabellen og er no klare for den nye 2. divisjon i 2023! Mange der imponerte, men Josefine Thorsnes Lefdal vart kåra til årets spelar. Jentelaga i breidda hadde og eit godt år.

Me støtta både herre- og damelaget det me kunne heime på tribuna og på bortekampar. Me trur me leverte. Juniorsvingen var også aktiv. Kokarbui vår på AMFI vart betalt med dugnadar.

Me passerte 100 medlemmar. Digitalisert medlemsskap er eit gode. Som i 2021 var det nær 1300 medlemmer i vår lukka Facebook-gruppe. 2022 vart heldigvis eit år med mindre uro og uavklarte leiarroller i klubben. Oppgjera mot Brann vart store tribuneopplevingar. Ikkje alt var bra nok.

Styret har og i godt driv fått vår podkast og mediesjefen har generelt hatt eit nytt aktivt år. Det vart ikkje eit julebord i år. Det må me greie neste år.

Elles viser me til det me skriv i jule- og nyttårshelsinga:

Gode medlemmar, støttespelarar, medsupporterar og alle i Sogndal FK Damer og Sogndal Fotball.

Me er takksame for mykje me opplevde i lag med dykk i år og. I denne helsinga har me berre plass til nokre hovudpunkt. Høyr gjerne podkasten Stao no Pao på Spotify, Apple podkast og YouTube i romjula for å få med alt og gå i djupna på tema som sport, klubbdrift og support.

Takk til deg som er ein av våre over 100 medlemmar i Saftkokaradn! Me verdset at du bidreg så godt du kan, både på Fosshaugane, på tur, på dugnad, med sympati for support og med ditt engasjement for fotballen!

Takk til våre støttespelarar! Me er særst takksame for at Hertz Sogndal gav oss ei unik avtale i år. Den var så god at det vart ekstra mange organiserte borteturar for å støtte både herrar og damer. Dette vart og mogeleg fordi gode støttespelarar dekkja mykje av nokre turar. Så tusen takk til Sparebanken Vest og Meny! Me presterte ganske bra tribuneliv også på nokre bortekampar. Støtta dykkar betydde noko og me trur damene var bra nøgde då me som 12.(mann) dominerte lydbildet frå eit par bortetribunar. Ei takk og til alle som i 2022 valde oss som grasrotandelen til Norsk Tipping. Dette gjev oss eit økonomisk fundament for å vere

aktive supporterar i 2023 og. Takk og til Amfi Sogningen, som leiger oss Kokarbui. Intersport Sogndal er ein støttespelar me har verdsett i mange år. Våre medlemmar får rabatt. I 2023 vert det helgekampar og lettare å gjere ting i lag. Då kan me ha meir ope på Kokarbui vår og. Me har og eit godt samarbeid med Gosh PGP om småartiklar som supplerer Intersport sine produkt til vårt utval, utan at det konkurrerer. Nettsida Gasta leverte for lengje sidan har me enno glede av. SubWay gjev og våre medlemmar rabatt.

Takk til den nye fotballpuben! Me er særst takksame for at Fjøra pub har satsa knallhardt som fotballpub med store investeringar for å kunne vise fotball. Særleg viktig er det at ein utestad viser Sogndalskampar når ein ikkje kan vere med på tur. Her håpar me fleire blir med oss neste år. Tusen takk for at me fekk engasjert og god dialog og samarbeid med både Anniken og Erlend, midt oppi alt som skjedde rundt opninga og etterpå. Og særleg takk for at de tok grep og arrangerte oppvarminga til det store derbyet i år. Strålande gjennomføring! Det var det og av alle på tribunene under kampen.

Takk til alle som kom på Fosshaugane for å oppleve på kampane og kampstemninga direkte. For ei stemning og eit show det var under Brann-kampen! Det på indre bane då treng me ikkje snakke meir om. Då sølvet vart sikra mot KFUM i siste runde var det tribunestemming for jentene og.

Takk til juniorsvingen vår. Saftkokaradn i lære (SIL) leverte!

Takk til både Sogndal FK Damer og Sogndal Fotball! Takk for at me fekk direktedialog med samarbeidsmøte og avklaringsmøte når det var behov for det. Året starta godt på den tradisjonsrike Golsamlinga tidleg i januar. Der er me invitert med og kan utarbeide våre planar for året og diskutere samarbeid i eige møte med klubbleiinga. Ja, me fekk bli godt kjent med og diskutert eit og anna viktig med spelarane og. Flott at me fekk følgd opp den gode starten med fleire samarbeidsmøte til ila året. Me har kome langt i å utvikle oss saman. Me har same mål og er samde om mykje, men sjølvstakt ikkje alt. Heldigvis var 2022 på nokre område mindre utfordrande enn 2021. Det kom og eit par saker med usemje på bordet i 2022. Men det var saklege diskusjonar. Me stiller på Gol igjen og håpar å utvikle begge samarbeida vidare i 2023. Dette var vår første sesong som supporterklubb for Sogndal FK Damer. Det var ein god start og me forventar utvikling. Ei heftig avsparkshelg med opplading og blest før sesongen knytt til cup-kampen mot Lillestrøm bør me få til! Då kan me kanskje og sjølve arrangere vårt årsmøte.

Litt takk og til media. De fer ganske fint fram mot oss. Og de formidlar mykje om det me brenn for. Takk til både Sogn Avis, Porten, NRK og eldsjeler for lokal fotballen som Stig Høyenes ([www.haugenfotball.no](http://www.haugenfotball.no)), Siri Andresen ([lurifaxsupport.no](http://lurifaxsupport.no)) og Kent Fimreite (Hallo Sogn- streaming). Me stiller opp når me kan og håpar ein samla kan bli enno flinkare til å bygge opp stemning og informere i forkant av kampane. Det hadde vore fint og om dei spennande kampane og talentutviklinga vår i nasjonal serie og på andrelag fekk god dekning i 2023. Me slo faktisk Bodø-Glimt og Rosenborg på Fosshaugane i 2022! Me gjer eit unntak frå å ignorere hovudstadspressa i år og sender ein takk til VGTV. Initiativet deira let Olav Stedje, Ylvis og Kjartan Lauritzen revitalisere det musikalske arvesølvet vårt på sin unike måte. Me er elles godt nøgde med Norsk Supporterallianse, som me er medlem av. Der har me med Vidar som leiar og Therese i valnemnda og der vert det jobba godt. Me ser gjerne nye Nytt på nytt-høgdepunkt med Tonje i sitt ess som i 2021 og nye musikalske stunt i 2023!

Ein særleg takk til spelarane! Det er jo dykk me er her for. Me håpar, trur og drøymmer om prestasjonar, opplevingar og opprykk i 2023. Og me meiner mykje om mange. På herresida

var me ikkje heilt nøgde i år heller, trass tidvis fine opplevingar og teikn på utvikling. Det var kjekt på tribuna i Bergen og mot Stabæk heime. Det kan ta tid å bygge nytt. Men på dame- og talentsida leverte de glimrande i 2022.

Supporterar er sjeldan samde. Trøkk og diskusjon prega av erfaring og kjensler skal her vere. Me stiller på att neste år og håpar sjå DEG på Fosshaugane. Dette er ein invitasjon og ikkje ei forventning. Det kjem opplevingar du ikkje vil gå glipp av også i 2023. Stao no Pao!

Med dette vil me ønskje dykk alle ei god jul og eit godt nytt (opprykk)år.

### **Styret:**

Styret har hatt denne samansetninga denne sesongen:

Øyvind Heimset Larsen: Leiar og talsmann

Tonje Tangerud: nestleiar, ansvarleg for juniorsvingen og talskvinne

Sindre Myrvang: ansvarleg for pyro, tifo og arrangement

Therese Langeland: ansvarleg for kokarbui og vert på heimebane

Martin Salbu: sekretær, kasserar, ansvarleg for bortetur, nettsida, sosiale medium og teknisk sjef

Geir Marcus Molland: feltsjef

Sondre Bremer: sponsoransvarleg og vert på heimebane

Valkomit : Vidar Vadseth og Bente Mossige Ask

Årsm te i 2022 vart 26.03 igjen eit fysisk m te.  resprisar vart for f rst gong delt ut til Vidar Vadseth og Eirik Bakke.

Styret sitt arbeid er   halda Saftkokaradn i gong. Innspel og forslag fr  medlemmane ang ande saker me har hatt for oss i  ret som har g tt har som regel kome p  Facebook-sida. Ynskjer ein   ta opp saker er det og berre   ta kontakt med oss p  Messenger eller Snapchat. Me har hatt bra dialog med klubben, no mest ved Lars-Olav Hausberg og Geir Inge Heggstad. Me har og hatt god dialog med SFKD-styret. Supporterkoordinator har hatt mykje dialog med arrangementssjefane.

Me hadde 4 styrem te i 2022. Me nyttar OneNote til referat, og styrechatten er v rt viktigaste debattkanal. Der vert det sendt tusenvis av meldingar  rleg. Me ser at ambisjonen om 8 formelle styrem te  rleg nok ikkje passar oss. Me hadde samarbeidsm te med klubben p  Gol i januar, p  sommaren og p  hausten. Undervegs tok me m ter med klubben om tema som m tte handterast. Som ei u nskt hending i Bergen der me ikkje er n gd med handtering fr  klubbane. Elles eit ganske roleg  r. Me har og hatt to m te med styreleiar og nestleiar i Sogndal Fotballklubb damer f r og seint i sesongen. Me fekk ogs  vere med p  avslutningsfesten deira etter sesongen der Therese og Martin delte ut prisen for  rets spelar. Me har lagt stor innsats i podkasten i  r. Martin, Sondre og Geir Marcus har tatt regi og trekt med oss andre mykje.

Valkomiteen har denne sesongen vore styrt av Vidar Vadseth og Bente Mossige Ask.

## Jubileum – Me var 20 år i 2021!

Me vart stifta i 2001. Styret avgjorde at me heller vil legge arbeid i satsinga "25 år med Saftkokaradn". Me tek vare på den jobben som allereie er gjort, og brukar det inn mot markeringa av 25 år.

## Heider:

Årsmøte tildelte to æresmedlemsskap/heidersteikn. Vidar Vadseth og Eirik Bakke.

Årets spelarar 2022 er Renze Fij og Josefine Thorsnes Lefdal.

## Økonomi:

Årsresultatet viser eit overskot på 7764,62kr. Me hadde 63 106,99 på konto 1.1.2023 og gjeld på 1650kr for julebordet som vart utsett i 2021. Frå Norsk tipping fekk me utbetalt 57 085,97 i Grasrotandelen med opptil 46 bidragsytarar. Dette er framleis vår viktigaste inntekt. Elles har me auka salet i Kokarbui, der den nye nettbutikken har bidrege litt og dei to kampane mot Brann har vore avgjerande. Økonomien i Saftkokaradn er sunn. Både leiar og kasserer har tilgang og innsyn i konto. (Sjå vedlegg for meir info)

<b>Saftkokaradn - Rekneskap 2022</b>				
3720.16.03588				
VedLnr	Dato	Tekst	Debet	Kredit
0	1. jan.		kr 55 342,37	
	Totalt 149 transaksjonar			
		SUM posteringar 2022	-kr 119 660,60	kr 127 425,22
		Status pr 01.01.2023	kr 63 106,99	
		Innestående	kr 63 106,99	

  

<b>Utgifter</b>		<b>Inntekter</b>	
Bortetur	-kr 36 894,12	Grasrotandelen	kr 57 085,97
Innkjøp til Kokarbui	-kr 25 610,25	Medlemsskap	kr 21 345,87
Pyro/tifo/tribune	-kr 21 245,60	Sponsing	kr 18 000,00
Digitale ressursar	-kr 9 578,63	Salg i kokarbui	kr 15 673,63
Mat	-kr 7 668,00	Påmeldingsavgift	kr 14 182,75
Fellestur til Gol	-kr 6 700,00	Diverse	kr 1 137,00
Podkast	-kr 2 221,00		
NSA	-kr 336,00		
Donasjonar	-kr 5 000,00		
Diverse	-kr 4 209,00		
Bankgebyr	-kr 198,00		
<b>Sum utgifter</b>	<b>-kr 119 660,60</b>	<b>Sum inntekter</b>	<b>kr 127 425,22</b>

  

<b>Årsresultat</b>	<b>kr 7 764,62</b>
--------------------	--------------------

  

<b>12.01.2023</b>	<b>Martin Salbu</b>
Dato	Kasserar

  

<b>Notar</b>
- 63.106,99 kr på konto per 31.12.2022.
- Saftkokaradn har ein trygg og god økonomi med overskudd på 7764,62 kr i 2022
- Me har utbetalt 57.085,597 kr på grasrotandelen som er ei viktig inntekt for oss
- Grasrotandelen viser fortsatt ein aukande trend og vil truleg auke endå meir i 2023
- Me har i alt 1650 kroner totalt i gjeld til enkelte medlemar. Dette gjeld innbetaling til julebordet i 2021 som vart utsett.
- Varelageret er fortsatt stort. Total verdi er 37 833,28 (innkjøpspris) og 78 700,00 (utsalgspris)
- Vipps fungerer fint som betalingsfunksjon. No har me også PayPal som er kopla mot nettbutikken.



## Profilering og aktivitet:

I 2022 var profileringa i media god og me kom ganske godt frå eit par utfordringar. Saftkokaradn får mykje merksemd, og me var ganske ofte i lokalmedia og lokalradioen og på Vestlandsrevyen. Styret er nøgd med måten me vert framstilt på og mediehandteringa er av høg klasse. Dette skal me fortsetja med. Det er viktig å vera synlege i media. I 2022 var profileringa frå klubben også god, men me ser fram til at den blir enno litt betre i 2023.

Me er aktive i NSA, der Vidar er leiar og Therese er medlem av valnemnda, og me stiller sterkt på alle årsmøte samt i dialog mellom Supporterkoordinatorane. Me kunne diverre ikkje delta på årsmøtet i 2022 då dato kolliderte med vårt årsmøte og avspark med treningskamp mot Brann. Vidar og Therese vart attvald, og me er framleis godt synlege nasjonalt! I tillegg er me også aktive i ulike relevante chat-kanalar for supporterleiarar og SK-ar i OBOS. Therese og Sindre er heime- og borte-SK-ar.

Me har vårt eige lokale, Kokarbui, på Amfi. Dette har i år mest vore ein god lagerstad. Neste år med helgekampar satsar me på at det og blir ein god møtestad att. Det kan gjere oss synlege, og nye kampanjar kan føre til bra sal og til meirsal for sponsor Intersport. Lokalet blir finansiert ved hjelp av dugnadar for Amfi, så takk til dei som brukte to laurdagskveldar saman med oss. Det var moro og.

Årets velgjerande bidrag gjekk til Josimar og Redd Barna. Saftkokaradn gav 2500kr til kvar.

Samlinga på Gol i 2022 vart me invitert med på av klubben. Der fekk me justert handlingsplan og drøfta samarbeid med klubben. Spelarane var med. Det trur me alle sette pris på.

Knytt til Ylvis sin produksjon av Stao no Pao og «Ylvis i Sogn» var me involvert i prosessar i forkant med produsent. Me lånte dei supportareffektar som dei nytta i videoar og på konserten på Studenthuset Meieriet, og me bidrog til å rekruttere statistar.

- Elles:

- Våre medlemmar var aktive på årsmøte til Sogndal Fotball 2022 og Øyvind vart vald inn som styremedlem i klubben.
- Me var aktive på det opne informasjonsmøte klubben arrangerte og seinare publiserte opptak frå.
- NFF's arrangement- og sikkerheitsseminar: Therese deltok digitalt.
- Nasjonalt SK-seminar (supporterkoordinator): Therese deltok digitalt.

**Bortekamper:**

Me var på tur igjen. Me reiste på mange borteturar med både herrane og damene. I tillegg til lista under var me også på Nadderud og på Brann Stadion. Grunna samarbeidsavtalen med Hertz Sogndal har me hatt moglegheit til å reise på fleire borteturar enn tidlegare. Også når me ikkje er så mange. Me arrangerte 4 borteturar med Sogndal FK Damer der ein av dei var ein kombinert tur med Sogndal Fotball. I tillegg til dei arrangerte turane frå Sogndal har det vore Saftkokarar på mange av kampane utanom. Me har medlemmar mange stader i landet som kjem på kamper i sitt område. I år slapp me kald også fæl kvalifiseringskamp på Intility.

NAVN	STARTER
Hønefoss 2 - Sogndal FK	02.10.2022
Fredrikstad - Sogndal	27.08.2022
Mjøndalen - Sogndal	14.08.2022
Felles supportartur til Oslo	01.07.2022
Skeid - Sogndal	20.06.2022
Ull/Kisa Sogndal FK	18.06.2022
KFUM - Sogndal FK damer	14.05.2022

**TIFO/Tribuneliv:**

Saftkokaradn gjorde ein god innsats og me kom oss på ganske mange borteturar. Særleg på Brann-kampane. Takk til dugnads-sjåførane Salbu, Skalle og Erikstad. Også før sesongen 2022 vart det sendt ein søknad frå Saftkokaradn om bruk av pyro på kokarfeltet til klubben. Diverre let det seg ikkje gjere i år, men me køyrde på med konfetti. Me laga også nokre få ulike banner som me brukte på kampane.

Juniorsvingen leverte som sagt varene, men dei kan bli enno fleire med helgekamper.

**Supporterkoordinator:**

SK-rolla er etter beste evne oppfylt i 2022 av Therese på heimebane. Sindre fekk lite å handtere som SK-borte. Øyvind steppa inn i Bergen. Hovudmålet er å sikre god dialog mellom ulike supportertermiljø i klubblag og klubb og mellom ulike supportertermiljø i Noreg.

SK har i forkant av dei fleste kamper generelt hatt dialog med SK-bortelag og sende og samle informasjon, og rapportert kampopplevinga til NFF ved behov. SK har hatt dialog med andre SK-ar på ei aktiv, lukka chatgruppe på FB.

Det var i sesongen 2022 gjennomført nokre kampmøte i forkant av heimekamp der SK deltek. SK har ei eiga Facebook-side for informasjonsdeling som har fått nye følgjarar denne sesongen.

## **Handlingsplan:**

Me har forenkla ein relativt omfattande handlingsplan først innført i 2018, revidert i februar 2020 og no sist i januar 2022, som er inndelt i hovudmål med tilhøyrande tiltak. Dette har fungert som ei rettesnor for styrets arbeid i året som har gått. På tross av Covid innleiingsvis har me jobba jamt bra.

Ei kort gjennomgang av hovudmåla frå handlingsplanen i 2022 (plan for 2023 er sak seinare):

1. Auke medlemstalet til 150

Tiltak: Arbeide aktivt for å skape godt tribuneliv på Fosshaugane. Bruke forsongar.

Juniorsvingen. Pyro. Lage fleire banner. Bruke trommer. Vertskap på tribuna.

Inkludere andre supportergrupperingar. Prosjektsatsing: Seksjon76. Sikre vidareføring av system for medlemsregister og utvide bruken. Få Facebook-medlemmar til å melde seg inn. Sikre gode sponsoravtalar med seriøse aktørar og legge inn i Gnist.

Omdømmebygging, profilering. Bruke fotballpuben og arrangere gode borteturar

2. Auke inntektene

Tiltak: Kokarbui/ lettselde supporterartiklar, fokus på Grasrotandelen og medlemsauke.

3. Auke engasjement og kompetanse i styregruppa

Tiltak: Workshop på Gol og deltaking på NSA-seminar.

4. Arbeide for å oppretthalde ei inkluderande, positiv og kjekk stemning i klubben

Tiltak: Felles borteturar, kick-off, julebord, quiz på puben, fokus på inkludering.

5. Arbeide for å oppretthalde og vidareutvikle eit godt og gjensidig nyttig samarbeid med Sogndal Fotball.

Tiltak: Jamlege møter og dialog mellom styret og SF og SFKD, god bruk av SK.

6. Tydeleggjere styrets arbeid for medlemmane

Tiltak: Drifte nettsida, jamlege møter i styret, kontinuerleg dialog med medlemmane mellom anna på SoMe. Årsmøte før første heimekamp. Deltaking på opne møter i regi klubben.

Styret i Saftkøkaradn, 24.01.2023